

Kommunal- og regionaldepartementet
Pb 8112 Dep
0032 Oslo

KOMM. OG REG. DEP
24 JAN 2005
04/2771-148
Art: 013
Avd.: RA / SSA / MAG



Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 1447/2005/026	Kari Gagnat, 71 25 81 73	19.01.2005

NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og lokalsamfunn" (Distriktskommisjonen) - Høyring

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i sak 76/04, følgjande uttale:

1. Fylkestinget viser til saksframlegget som Møre og Romsdal fylke sin uttale til NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og lokalsamfunn.

2. Møre og Romsdal fylke legg til grunn ein hovudstrategi med omfattande desentralisering av makt, slik at avgjerder vert fatta på lavast mogleg effektive forvaltingsnivå. Det må være samsvar mellom måla i distriktpolitikken og dei virkemidlane som blir sett inn. Møre og Romsdal fylke vil i tillegg vektleggje at verdiskapinga i distrikta vert vektlagt i ressurstildelinga for næringsutvikling og infrastruktur.

3. Møre og Romsdal fylke er svært uroa over resultatata frå maktutgreiinga om at folkestyret er i tilbakegang. Maktutgreiinga syner at ei sterkare statleggjering og regelstyring i ein fragmentert stat er ein trussel for demokratiet.

4. Møre og Romsdal fylke vil framheve verdien av lokal identitet og verdiskaping som grunnlag for at regionalt demokrati og permanente partnerskap skal fungere.

5. Møre og Romsdal fylke legg til grunn ein framtidig styringsstruktur med eit regionalt folkevalt nivå. Møre og Romsdal fylke meiner einskapsfylkemodellen er ein rasjonell og god modell for framtidig organisering av det regionale nivået.

6. Møre og Romsdal fylke ser ei hovudutfordring i ei betre samordning av den statlege politikken. Den regionale statlege organiseringa må tilpassast den regionale organiseringa.


7. Ei samling av dei regionalpolitiske og statlege oppgåvene i eit organ må leggest til grunn i framtidig regionorganisering.

8. Møre og Romsdal fylkesting legg til grunn at fisk skal forvaltast som ein nasjonal ressurs og går mot framlegget om regionalisering av kvotar. Deltakarlova må framleis sikre prinsippet om ein fiskareigd flåte. Omsetning av fisk skal framleis vere regulert av Råfisklova.

9. Fylkestinget vil vente med å gi ei endeleg (andre høyringsrunde) vurdering av det som gjeld fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling, maktfordeling/regionalisering. Fylkestinget går inn for å opprette eit utval for å gå gjennom ovannemnte problemstillingar. Fylkesutvalet får fullmakt til å oppnemne medlemene i utvalet. Fylkesdirektøren stiller med sekretariat. Utalet får leige inn nødvendig utgreiingskompetanse. Utvalet blir m.a. bedde om å vurdere tenesteproduksjon, utviklingsstrategiar og lokaldemokrati for dei ulike delar av fylket og for fylket som heilskap. Utvalet legg innstillinga si fram for fylkesutvalet og endeleg vedtak blir gjort i fylkestinget i oktober 2005.

10. Møre og Romsdal fylkesting støttar Distriktskommisjonens forslag om at fylkesmannen sine oppgåver bør reindyrkast til kontroll og tilsyn. Den statlege organiseringa må tilpassast i høve desse oppgåvene.

Med helsing


Jon Aasen


Joralf Flåtaukan

Vedlagt Saksframlegg